

Årsmelding for OIL handballgruppa 2011

Styret har i 2011 bestått av:

Leiar: Lars-Erik Haga

Nestleiar: Albert Slettebakken

Kasserar: Laila Borge

Skrivar: Søgner Evy Skår

Styremedlem: Barbro Lillejord

Styremedlem: Merethe Engstrøm

Styremedlem: Roald Berentsen

Valnemnd: Handballgruppa har ikkje hatt eiga valnemnd på ei stund. Me har delvis lukkast med å få opp å gå ei valnemnd, Merethe Engstrøm og Ingrid Tveiterås har også i år fungert fram til årets årsmøte. Må å velja ei valnemnd på årets årsmøte.

Administrasjon

Styret har i driftsåret 2011 stort sett gjennomført eit til to styremøte kvar månad (med unntak av feriemnd.)

Medlemstal

OIL Handball var dette året på opptur att, og den 31.12.11 var medlemstalet stige med 7 medlemmar til 95 medlemmar.

Deltaking i cupar

I tillegg til seriespel, har dei fleste laga delteke på cupar: Julecup og felles tur til Vestfossen der J10, J11, J13, J14 og J 15 var med i Vestfossen Cup.

Trenarar

I løpet av 2011 har vi hatt disse trenarane: Kjell Gjøstein, Veronika Birkeland, Kjersti Kleppe, Johannes Tveiterås, Elin Kleppe, Frida R. Jacobsen, Sigrid Borge, Susann Torgersen Hanna Slettebakken, Yvonne Drange og Kristinn Jonatansson. Det er framleis store utfordringar med å skaffa nye trenarar. Me gjennomførte i desember ei motivasjonssamling for trenarane i Osterøyhallen. Vonar dette vil gje positivt resultat etter kvart.

Dommarar

Me har framleis nokre klubbdommarar. Desse har gjort ein framifrå innsats for klubben så langt.

Serien

Denne sesongen har me 8 lag med i serien. Det er J8, J9, G9, J10, J11, J12, J14 og J16.

Osterøyhallen – kampavvikling

Kampavviklinga i hallen går greitt. Hausten 2011 har me forsøkt å halda fram med å fordela ansvaret på fleire av foreldra. No har me i alle laga ein Ansvarskontakt, ein Fair Play vert og ein Foreldrekontakt, som alle har gjort ein god jobb med å gjennomføra og skaffa foreldre til arrangementa, og foreldre har vore flinke til å stilla opp. Me kan nemna spesielt HaFo-turneringa og miniturneringa som også i år vart avvikla på ein god måte.

Styret vil takka alle som har vore med å utføra små og store oppgåver for handballgruppa i året som har gått.

Med helsing

Lars-Erik Haga

Leiar OIL Handball